

leder

Dei siste entusiastane



sideblikk

asbjorn.kristoffersen@bt.no
Asbjørn Kristoffersen er journalist i BT

INGEN SKIKKELEG BY utan trikk, ikkje sant? Det var mange som snufsa i votten då den siste trikken i Bergen gjekk inn til regjeringa 31. desember 1965. Siste trikken? Vogn 10 frå 1897 er teken vare på, Trikkehallen eksisterer framleis, og utruleg nok finst det også trikkeentusiastar nok til at det blir lagt nye skinner i gamle trikkespor. Bergen er ein skikkeleg by, takka vere denne gjengen.

NATURLEVIS ER EIN museumstrikk for nostalgi å rekna. Alle trikkar er nostalgi, lengsel etter tidlegare periodar, som det står i ordboka. Eller kanskje heller glede over og romantiske kjensler for det gode, gamle, det spansande og tiltrekksjande gamle; ein stemning, ein stad, ein stil, heitte det i ein fordums tobaksreklame.

Det er godt mogleg og heilt naturleg å vera forelsa i ein trikk, i fleire trikkar, i alle trikkar. Især for menn. Trikken får fram det beste i oss, sjølv om vi berre står og ser på entusiastane. Trikkar er store, tekniske innretningar som kan setjast i fart, utan at du på død og liv må snakka om det. Trikkar har sjel. Til og med nye, moderne trikkar har sjel, i det minste så lenge dei går på vanlege skinner.

DET ER MEIR TVILSAMT om bybaner har sjel. Men bybaner må også til i ein skikkeleg by i våre dagar, til kvarlagsbyen der du kan henga i stroppen saman med andre menneske når du skal heim til grandiosaen. Ein museumstrikk kan lett bli meir søndagsbyaktig. Men han skal helst ikkje bli altfor slipsete og nypudra. Det burde bli mange ruter mellom Møhlenpris og Engen, stroppar og sete nok til lassevis av barnehagebarn i gule refleksvestar, og studentar og konsulenter og mystiske damer frå Vesterålen.

Entusiastane har berga trikken for oss, men dei må få hjelp til å driva han. Dei har det heilt sikker kjekt med trikken, elles ville dei vel ha spela golf eller gått på møte eller lege på sofaen som vanlege folk når dei har fri.

DET ER MANGE STORE nostalgioprosjekt på Vestlandet, men det er ikkje spesielt mange som let seg engasjera, som oftast er dei både få og ein smule aldersstegne. Det skortar helst på rekrutteringa.

Når Kings of Convenience greidde å spela inn 200.000 til trikken, må vi kunna bidra vi også, latsabbar og unnasluntrarar og folkevalde og Tide og kaksar og mystiske damer frå Vesterålen. Bompengar for trikken!